




Saksbehandlar: Håvard Ulstein
Tlf.: +47 55585970

Vår dato: 25.02.2009
Dykkar dato: 27.11.2008

Vår ref. 2008/4290 - 0/008
Dykkar ref.:

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Høyring - forslag til endring av allmennlærerutdanningas rammeplan og førskulelærerutdanningas rammeplan for faget Kristendom, religions- og livssynskunnskap (KRL)

Vi viser til brev av 27.11.08 om høyring av endringar i rammeplanen for RLE i allmenn- og førskulelærerutdanning.

Rammeplan for RLE i allmennlærerutdanninga

Kap. 2.2 er det ingen innvendingar mot, medan der er nokre innvendingar og endringsforslag for kap. 3.3. Under punktet *Faglig og fagdidaktisk kunnskap* kjem følgjande forslag vedrørende det første kulepunktet. Studentane skal:

- Ha kunnskap om kristendom i historisk og aktuelt perspektiv, viktige skikkelsar og hendelser, kristne ritualer og høytider, troslære og etikk, symboler og lokal praksis knyttet til Den norske kyrkje og andre kristne trossamfunn

Grunngiving: Rekkefølga er viktig i slike oppramsingar fordi dei signaliserer eit hierarki med det viktigaste først. Dei seinare planane for RLE-faget har gått i retning av å legge mindre vekt på dei abstrakte sidene, som teologi, og meir vekt på det konkrete som t.d. estetiske uttrykk. Som følgje av denne utviklinga vil det vere meir naturleg å starte oppramsinga med personar/skikkelsar som er nært knytt til det historiske og aktuelle perspektivet oppramsinga startar med. Uttrykkspara 'kristne ritualer og høytider' og 'symboler og lokal praksis' følgjer dette godt opp. 'Troslære og etikk' som opphavleg vart plassert ganske tidleg er ganske abstrakt lada. Samtidig gir det seg konkrete utslag i ritual, høgtider, symbol og praksis. Omgrepet 'religiøse' som i forslaget står i samband med symbol er ikkje nødvendig å ta med, då omgrepet 'kristne' dekkar det same like før.

Rammeplan for i førskulelærerutdanninga

I hovudsak ingen store innvendingar på denne delen. Omgrepet 'allmennvitskapleg' som er tatt inn i desse endringane møter ei viss undring.

Med helsing

Bjørg Kristin Selvik
Dekan

Håvard Ulstein
seniorkonsulent